

Ingvar Fanebust  
Fonnebostvegen 156  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9103 - 23/6792

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
27.01.2023

## Vedtak om gebyr for brot - gbnr 106/7 m.fl Fanebust

**Administrativt vedtak:** **Saknr. 092/23**  
**Tiltakshavar:** Ingvar Fanebust

**Vedtak om ileyding av gebyr for brot på plan- og bygningsloven:**  
**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 første ledd bokstav b jf.**  
**byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav a nummer 2 vert Ingvar Fanebust ilagt eit gebyr for på kr 10 000,- for uaktsamt brot på plan- og bygningsloven §1-8.**

**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 første ledd bokstav f jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav h nummer 2 vert Ingvar Fanebust ilagt eit gebyr for på kr 20 000,- for forsetteleg brot på plan- og bygningsloven.**

**Oppfyllingsfristen er 4 veker.**

### **Saka gjeld**

Alver Kommune har hatt oppfølging med ulovleg etablert veg på eigedom gbnr. 106/7.

I pålegg om retting datert 08.08.22 vart det opplyst om at det ville kunne verte fatta vedtak om å ileyde gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det vart også opplyst at du hadde rett til å uttale dykk før vedtaket vart fatta. Det vart også opplyst om at du hadde rett til å avstå frå å uttale dykk før vedtaket vart fatta. Alver kommune kan ikkje sjå å ha mottatt nokon uttale innan fristen som gjeld varsel om gebyr for brot. Det ulovlege tilfellet er imidlertid opplyst som retta og tilbakeført.

På bakgrunn av dette vert det fatta vedtak om pålegg av gebyr for brot på plan- og bygningslova.

**Grunngjeving for pålegg av gebyr for brot på plan- og bygningsloven :**  
Tidlegare Lindås kommune hadde i 2018 oppfølging av det ulovlege tilfellet. Det vart i brev av

03.10.18 gitt førehandsvarsel om retting og tvangsmulkt. I pålegget var det redegjort for korleis rettinga skulle skje.

Den 21.11.18 fekk kommunen brev frå deg der du stadfesta at tiltaket var tilbakeført i samsvar med førehandsvarsel for retting.

Alver kommune vart i 2021 gjort kjent med at tiltaket ikkje var tilbakeført i samsvar med retningslinjer i førehandsvarsel og tidlegare gitte opplysningar. Kommunen var på synfaring den 05.08.22 og fekk då stadfesta dette. Den 08.08.22 vart det sendt ut pålegg om retting og tvangsmulkt og førehandsvarsel om gebyr for brot.

Vi fekk stadfesting frå deg den 28.08.22 at den ulovlege bruken var opphørt og 17.11.22 mottok vi informasjon og dokumentasjon på at det ulovlege forholdet var retta.

Alver kommune legg gebyr etter SAK 10 § 16-1 første ledd bokstav a nr 2 fordi du har utført eit søknadspliktig tiltak i strandsona.

Alver kommune legg gebyr etter SAK 10 § 16-1 første ledd bokstav h nr 2 fordi du i forbindelse med rettingsprosessen har gitt uriktige opplysningar til kommunen.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 første ledd kan gebyr for brot på pbl berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følger av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at «akt sommetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelserne i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uakt som uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»

Alver kommune er av den oppfatning at brotet som gjeld bokstav a nr 2 er uaktsamt fordi du som tiltakshavar sjølv er ansvarleg for å sjekke om arbeidet du skal gjøre er i samsvar med gjeldande regelverk. Du har opplyst om at arbeidet er gjort i god tru og i samsvar med jordskifte og grunneigerar. Gebyr for brot av denne typen skal etter saksforskrifta ligge mellom 10 000-25 000,-. Kommunen vurderer saka slik at brotet i dette høvet var uaktsamt men ikkje forsetteleg og har difor satt utmålinga av gebyr i nedre sjikt.

Alver kommune er av den oppfatning at brotet som gjeld bokstav h nr 2 er forsetteleg fordi du i forbindelse med rettingsarbeidet i 2018 ikkje utførte retting i samsvar med retningslinjene og gav uriktige opplysningar til kommunen etter at tilbakeføringa var gjort. Gebyr for brot av denne typen skal etter saksforskrifta ligge mellom 10 000-25 000,-. Kommunen vurderer saka slik at brotet i dette høvet var forsetteleg og har difor satt utmålinga av gebyr i øvre sjikt.

#### **Andre opplysningar:**

Det er i utgangspunktet eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningsloven, inkludert tidlegare gjevne løyve, vert haldne.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Gebyret må betalast sjølv om det vert klaga på vedtaket.

#### **Aktuelt regelverk**

- Plan

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivaksnummer 21/9103», eventuelt gnr 106, bnr 7.

#### Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .
- Rett til å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. plan- og bygningsloven §32-8 tredje ledd.
- Rett til å avstå fra å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.
- Oppfyllingsfristen er 4 veker fra brevdato, jf. pbl §32-8 fjerde ledd.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### Mottakarar:

Ingvar Fanebust

Fonnebostvege 5955  
n 156

LINDÅS